Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Rogaland
Tilleggsspørsmålnr. 7 um skav. | Herad: Bjerkreim
Emne: Skav | Bygdelag: Øvre-bygdi
Oppskr. av: Torvald Austrumdal | Gard: Austrumdal
(adresse): Vikeså | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Frå gamalt av hev det altid vore ei fast röynsla her i bygdi, at Kyr som um vinteren har fenge skav, særleg av eik og raun, dei trivst sumaren etter på beite og vart både finare og feitare enn Kyr som ikkje hadde fenge skav.
Eg lyt fortelja eit minne um dette frå umlag 40 år attende.
Det var i august månad og eg var på reis til Stavanger med 2 slaktestutar. Me reiste med båt på Dirdal i Høgsfjord. Der var fleire fekandlara med med slakt, som hadde gjenge på beite. Det synte seg at mine stutar var dei hollogaste av alle. Fekandlarane var då forvitne etter kor desse stutarne hadde beita eller um dei hadde fenge kraftfor. Eg sa at beite var vanlegt fjellbeite og att dei hadde ikkje smakt mjöl sidan me jaga dei på beite ivår. Det einaste, sagde eg var, at dei hadde fenge nokso myktje rauneskav i vinter.
Der hev me dit" sa Atlag Mjåland. Kvifor dei um våren i eldre tid betala ein dalar meir for

9398

eit ungnaut når det um vinteren hadde fenge skav"

2. Dette er ukjennt her.

3. Det her frå gamalt av vore sagt at ~~Kyr~~ mjölk av kyr som fekk ospeskav, var fårleg for unge griser og unge kalvar.

4. Det er ukjennt, herfrå distriktet, at dei skov gjenom heile foringstidi. Vanlegt vart det skave ut på etter-vinteren når det synte seg at höyet kanskje vart i snaudaste laget.

5. Eit slikt bitjarn til å skava med er ukjennt her.

6. Her vart ~~lære~~ skavljå nytta ved skaving. Skavljåen vart stödd med ytre enden mot ein staur× som var klemd fast millom golvet og ein bjelke i yver-telet. Högre handi heldt i handtaket på skavljåen og styrde denne, venstre handi heldt ~~det~~ kvist eller pinne, som skulde skavast. Ljåen vart altso halden stilt og treet vart drege opp under egget av ljåen. Skavljåen var ikkje heilt hein, men litt buga slik at den som skov ved å halda fastare eller slakkare i ljåen, kunde måta tjukkleiken på skavspåna.

7. Dei gardar som ikkje hadde skavskog laut sjölvsagt venda seg til slike som hadde meir av det slaget enn dei hadde bruk for. Det hende at sume fekk kjöpa ein teig i skogen, men det vanlege var at dei kjöpte skav-veden i lass, og hogg han sjölv. So vidt eg veit var prisen på lasset ein dale, eller seinare, kr. 4.

× Denne stauren heitte skav-kedlen

9398

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8. Under ütskiftning vart det ~~teke~~ ùmsyn ved deling av skog slik at kvart brük fekk eiga skavskog, ùm so denne vart liggjande i annanmanns skog.
I seinare tid hev slike ùmsyn falle heilt burt.

9. Her i distriktet er det ikkje ålmenning.

10. Ein slik rett höyrde ikkje til, eller var ikkje ålmen ved nedsetjing av husmann, men det er ikkje ùtenkjelegt at ved einskilde höve kunde ein slik rett verta gjeven.

11. E i slik hella, kjenner eg ikkje til og heller ikkje namnet.

12. Ukjennt.

Eg kann segja frå, at den skavved, som vart skaven inne og ved skav-kelen, var fyrst hoggen i ùmlag $\frac{3}{4}$ alen lange pinnar og kristar

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9398

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Um skav

Oppskr. av: T. Austrumdal

(adresse): Vikeså

Fylke: Rogaland

Herad: Bjerkreim

Bygdelag: Øvre bygdi

Gard: Austrumdal

G.nr. 22 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Svar på brev av 7. mars.

SVAR

Hr. Andreas Ropeid.

Skavrimet er skreve på Bjerkreim dialekt. og der heiter dit: Hegg pikka merg ò legg. Kann henda at teiknet, som fortel at det igrunnen skulde vare ein bokstav til ein r, hev varte uteglöymd Eg hev aldri höyrdt tale um at nokon i Bjerkreim hev skave ~~og~~ hegg, anten det no er slik at ho pikkar mergen or leggbeini eller unnvent.

Dei treslag som her i bygdi vart nytta til skav, i större mengd, var lik, raun og osp. Dei andre treslag som er nemnde i rimet veks alle stader i bygdi, men veksemåten deira er so spreidd, at dit vilde verta altfor mykje arbeid å samla slike tre til skavved i större mengd

Nydsamt
T. Austrumdal

ført på personkort og tilv. kat.

1308